

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

|                         |                                |
|-------------------------|--------------------------------|
| <b>Dato</b>             | 10.02.2023                     |
| <b>Vår referanse</b>    | 2023/30332-3                   |
| <b>Dykkar referanse</b> |                                |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Andreas Sivertsen Våge         |
| <b>E-post</b>           | Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 45617420                       |

## Uttale - dispensasjon - parkeringplassar til naust - gnr. 1 bnr. 2 - Flatøy - Alver kommune

Vi viser til brev av 19.01.2022 med førespurnad om uttale til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.

### Om saka

Søknaden gjeld parkering på 50 m<sup>2</sup> for eksisterande naust i regulert friluftsområde på gnr. 1 bnr. 2 i på Flatøy Alver kommune.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå reguleringsplan. Eigedomen ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen «Kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy», planID: 125620160002. Tiltakets tilkomst via privat veg kjem i konflikt med regulert mellombels anlegg og riggområde. I tillegg er parkering i konflikt med byggjegrænse regulert i planen.

I forbindelse med ekspropriasjon av grunn frå gnr. 1 bnr. 2 til bygging av innfartsparkering og bussterminal på Flatøy mister grunneigar dagens parkering til naust.

### Uttale

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har vore i kontakt med Statens Vegvesen som er utbygger, angående bruk av området som er regulert til mellombels anlegg og riggområde. I trinn 1 av utbygginga av reguleringsplanen er det ikkje planlagt bruk av mellombels anlegg og riggområde. Derimot kan dei ha behov for å nytt området i trinn 2 av utbygginga.

Den private grusvegen som er vist på situasjonsplanen er ikkje tatt stilling til i reguleringsplanen. Det er uklart kva planen er for denne vegen, om den skal bli værande eller fjernast.

Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg er ikkje negative til at gis dispensasjon til tiltaket. Derimot må dykk avklare saken med Statens Vegvesen

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Andreas Sivertsen Våge**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*